

Innspel til Fellesskuleutvalet frå Den norske historiske forening (HIFO): Historisk kunnskap krev meir enn innhaldslistar.

Når skulen sin siste læreplanreform, LK20, denne hausten fyller fem år, kan me konstatera at mykje har skjedd på læreplanfeltet, ikkje minst i nabolanda våre. Den norske historiske forening sitt utdanningspolitiske utval og fleire andre har i debatten dei siste par åra tatt til orde for kraftfulle tiltak for meir historisk kunnskap i skulen. Signala frå kunnskapsministeren og det pågåande arbeidet til Fellesskuleutvalet gir grunn til å tru at også norske leiande politikarar no delar målsetjinga om meir historisk kunnskap i skulen. Dette er på tide når me no er inne i ei tid der demokratiet som styreform og folkeretten som internasjonalt prinsipp blir sterkt utfordra. Historiske grunnkunnskapar er avgjerande i ei verd med auka polarisering, geopolitiske spenningar, ytterleggående politiske og religiøse rørsler, og eit sosialt medielandskap som fløymer over av desinformasjon.

Det er derfor eit lovande signal at Kunnskapsministeren har bestemt at det skal utarbeidast rettleiande innhaldslistar som skal «vise forslag til mer konkret innhold som tema, hendelser, tekster, musikk og bilder som skoler og lærere kan bruke i arbeidet sitt i ulike fag og på ulike trinn.»¹ Samfunnsfaget i grunnskulen er blant dei prioriterte faga der innhaldslistene skal stå klare til skulestart 2026. Dette visar at utdanningsstyringsmaktene har erkjent at kompetansemåla i dagens læreplan er for vage til å kunne ivareta måla om historisk og kulturell innsikt og forankring i formålsparagrafen. Men slike lister er på ingen måte nok.

Lister vil nemleg ikkje bøte på grunnproblemet: ein samfunnsfagslæreplan der det å tileigne seg historisk kunnskap ikkje lenger er eit sjølvstendig mål. I siste reform, LK20, blei samfunnsfaget radikalt endra då dei tre hovudområda historie, samfunnskunnskap og geografi blei oppløyst og integrert. Kronologi blei oppgitt som ordnande prinsipp til fordel for eit klart tematisk fokus med utgangspunkt i kjerneelementa. Læreplangruppa val også å bruke dei tverrfaglege temaa som kjerneelementa i samfunnsfaget, i staden for å bruke kunnskapsområde som *faktisk* er kjernen i historiefaget. Det tydar at historie ikkje er eit kjerneelement i samfunnsfaget og at historisk kunnskap og innsikt i seg sjølv ikkje lenger er eit mål.

Dei fleste kompetansemåla i samfunnsfaget er svært samtidsorienterte og vektlegg samanhengar mellom samfunnsfaglege, geografiske og historiske tilhøve. Det er tverrfagleg arbeid på verste måte: berre tverr utan det faglege. Så lenge læreplanen ikkje vektlegg historisk kunnskap og medvit i seg sjølv, og så lenge den historiske progresjonen ikkje er til stade, vil innhaldslistar berre sikre lause faktabrokkar om ulike hendingar utan at dei historiske samanhengane vil komme fram. Dette er særleg kritisk i eit samfunnsfag som er pressa på tid. Sjølv om timetalet i grunnskulen har auka kraftig dei siste 25 åra, så er timetalet i samfunnsfag uendra. Faget er soleis relativt sett svekka, men ambisjonane har vakse kraftig. Kombinasjonen av vage læreplanmål utan tydeleg historisk progresjon og rettleiande innhaldslistar, er på ingen måte oppskrifta på djupnelæring i historie for elevane. Detaljerte innhaldslistar vil snarare føre til overflatisk undervisning for å rekkje over mange emne. I eit hav av vage kompetansemål vil innhaldslistar først og fremst konkretisere kva som skal vurderast.

¹ <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/skal-utvikle-innholdslistar-til-norsk-skole/id3118049/>

Me har no prøvd eksperimentet lenge nok til å slå fast at det trengs grunnleggjande endringar for samfunnsfaget. Det som trengs er eit eige historiefag, slik også alle nabolanda våre har, eller i alle fall historie som eit sjølvstendig hovudområde i samfunnsfaget. Eit slikt historiefag må være forankra i historie som ei eiga kunnskapsform, med plass til både lokale, nasjonale og globale perspektiv. Slik vil også kommande generasjonar få den naudsynte historiske kunnskapen og medvitet til å orientere seg i ei omskifteleg verd.

Historie er ei kunnskapsform som har spelt og spelar ei viktig rolle i mange skulefag – frå norsk og krle til naturfag, musikk og kunst og handverk. Utan eit fagleg historisk rammeverk som tidlegare blei formidla av hovudområdet historie innan samfunnsfaget, så opphøyrer langt på veg denne kunnskapsforma å eksistera, ikkje berre som ein del av samfunnsfaget, men i alle dei skulefaga der ho tidlegare har spelt ei vesentleg rolle. At eit bod gjekk ut frå Augustus om at heile verda skulle skrivast inn i manntal, gir ikkje mening utan at ein veit noko om Romarriket og keisar Augustus. Ibsens *Et dukkehjem* blir langt på veg ubegripeleg utan grunnleggjande kjennskap til Noreg på 1800-talet.

Me treng ei gjenreising av historisk kunnskap og medvit i skulen. Kva og kven ungdommen skal forsvare etter førstegongstenesta blir uklart utan historie som grunnlag for ei oppfatning av eit «oss» som er verdt å forsvare. Utan historisk kunnskap blir det vanskeleg å leve saman.

Innspelet er sendt inn på vegner av Den norske historiske forening (HIFO). Det er utarbeida av foreninga sitt Utdanningspolitiske utval og er godkjent av styret.

Utdanningspolitisk utval består av:

Marlen Strand Ferrer, førsteamanuensis, Oslomet

Peter Hatlebakk, stipendiat, Universitetet i Bergen

Kim Gunnar Helsvig, professor, Oslomet

Tomas Larsen Høisæter, førsteamanuensis, Høgskulen på Vestlandet

Andreas Bagås Lien, lektor i Oslo-skulen

Jakob Maliks, professor, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet

Sissel Rosland, professor, Høgskulen på Vestlandet

Christian Sæle, førsteamanuensis, Universitetet i Bergen